

**Fylkesrådmannen, 08.07.2015**

Det vart laga informasjonsfilm om Fagskolane i Hordaland som gjekk på kino halvannen månad fram mot søknadsfrist 15. april 2015. Filmen vart vist frå 02.03 – 12.04.2015 (6 veker) på alle filmvisningar ved Bergen kino. Filmen vart også promotert på Youtube og fekk over 40 000 visningar. På Youtube hadde filmen ein visningsrate på om lag 30 %, noko som er svært bra.

Capa Kinoreklame har gjeve eit nytt tilbod på visning av informasjonsfilmen i høve neste søknadsperiode for fagskulane (sjå vedlegg).

Basert på tilbodet vil administrasjonen ved Opplæringsavdelinga tilrå at det vert gjort ein avtale i høve til alternativ 2 ved Bergen kino:

- 8 veker, netto pris eks. moms 144 748,-

Av di filmen allereie er produsert og digitalisert vert det ikkje ekstra kostnadar i samband med dette. Dei 8 vekene med visning kan delast i to periodar, og basert på Capa si tilråding kan filmen verte vist i følgjande veker:

- Veke 49 – 52 (30. november – 27. desember).
- Veke 11 – 14 (14. mars – 10. april).